



Notat

Dato
LEIKANGER, 18.09.2016

Frå: Fylkesdirektøren for næring og kultur

Til: Hovudutval for næring og kultur

Hovudutval for næring og kultur - tema- og stadval for komande møte

Vi skisserer her nokre tankar om komande møte i hovudutval for næring og kultur/HNK, og vil gjerne ha tilbakemeldingar på desse tankane.

Nokre av møta må vere i Leikanger/indre Sogn, og kombinert med politikardag – slik som møtet i november. Vi står fritt med tanke på møtet 25.oktober. Vurderer då å legge møtet til Selje. Dette på bakgrunn av ein invitasjon frå Selje kommune der dei skriv følgjande:

- - -
Selje kommune ved ordførar ynskjer å invitere hovudutval for næring og kultur til Selje hausten 2016 eller våren 2017. I Selje er det mykje spanande som skjer og som vi har lyst å gje god informasjon om til hovudutvalet.

Innanfor næring har vi eit blomstrande næringsliv som set Selje og Sogn og Fjordane på kartet. Kommunen og næringslivet er i tett dialog om å få fokus inn i mot grundere og nyetablerarar. Korleis kan kommunen og næringslivet stå saman om dette.

Turismesatsinga er i dag i ei ny støypeskei for utvikling i Selje. Vi har lange tradisjonar med turisme i Selje men ser i dag at nytenking og ny satsing må til for å få denne næringa opp på gamle høgde og helst forbi gamle høgder.

Innanfor kultur har Selje lange tradisjonar med klosteret, utvalde kulturlandskap og det særeigne landskapet her ute. Klosteret er inne i dei siste 5 åra med restaureringsprosjekt frå riksantikvaren og vi har eit ønske om / ser behovet for at klosteret får meir langsiktige vedlikehaldsmidlar frå staten.

Selje kommune ved ordførar vil gjerne vere vertskap for hovudutvalet og vil legge til rette for at hovudutvalet får gode råmer for gjennomføring av sitt møte her ute i havgapet.

- - -
Stikkord for temadelen i Selje kan vere ei oppdatering innan fiskeri, Stad skipstunnel, og reiselivs- og kutursatsing rundt Selje kloster. Det kan også vere verdt å besøke Paneda, som er ei spanande teknologibedrift.

Når det gjeld seinare møte har vi m.a. merka oss følgjande, som vi gjerne vil ha tilbakemelding på

- Besøk på Sogn og Fjordane teater
- Besøke Astrup-tunet
- Rundtur på Høyanger sørside, ev kombinert med tur til Gulen
 - o gjerne samling over to dagar
- Lærdal og Kongevegen
- Gloppe – kultur- og næringssatsing
 - o kombinert med besøk på interessante bedrifter i Gloppe
 - o og vi har også eit museum på Sandane